

bar- nas bok- pris

– bergensbarnas
favorittbok

Lærerressurs

Mamma på dass av Anders Totland

Her er eit forslag til korleis ein kan jobbe med dei to første kapitla av Mamma på dass av Anders Totland. Vi foreslår å lese kapitla høgt for elevane, og har laget nokre oppgåver som kan jobbast med i forkant og etterkant av høgtlesinga. Varigheit vil vere frå 30-60 minutt. De vel sjølvsagt heilt fritt om de vil bruke heile eller berre delar av opplegget.

Målet for opplegget er å gjere elevane nysgjerrige på forfattaren, teksten og karakterane og med dette motivere dei til å lese heile boka.



1 Klasseromssamtale

I denne aktiviteten blir elevane kjende med første kapittel gjennom setningar frå teksten som dei seier til kvarandre medan dei går rundt i klasserommet. Skriv ut setningane nedst i dette dokumentet, klipp ut ei og ei setning og legg ei setning til kvar elev med teksten ned. Elevane går så rundt i rommet og "introduserer seg" ved å seia setninga si til ein og ein elev som dei møter på. Jo fleire elevar dei snakkar med, desto betre oversikt over kapittelet vil dei få. Ein gøy (og utfordrande) vri på aktiviteten er at elevane går rund og snakkar med kvarandre og seier det dei har lyst til, men må flette setninga frå teksten inn i kvar samtale dei har. Kor lang tid de treng er heilt avhengig av gruppestorleik.

Spørsmål til elevsamtale etter aktiviteten:

- No har de høyrte store delar av fyrste kapittel i boka Mamma på dass, men ikkje nødvendigvis i rett rekkjefølgje. Kva trur de skjer i fyrste kapittel?
- Var det nokon setningar som overraska dykk eller gjorde de ekstra nysgjerrig på handlinga?
- Kva veit de om boka frå før av? Sjå på omslagsillustrasjon og les baksideteksten saman. Kva frampeik og hint gir desse?

2 Les dei tre første kapitla høgt for elevane

3 Reflekter over dei tre første kapitla

Spørsmåla under er tenkte som inngangar til ein klasseromssamtale om kapitla, men kan også brukast som skriftlege oppgåver som elevane svarer på. Sjå an gruppa korleis det er best å svara på spørsmåla, og kor mange spørsmål som er passelege.

- Korleis var det å høyra det første kapittelet i sin heilskap når de først hadde fått brotstykke frå teksten?
- Stemde forventningane de hadde til teksten overeins med korleis han var?
- Kva veit me om vennskapen til Ella og Omar?
- Kva veit me om foreldra til Ella og Omar?
- Korleis trur de Ella finn ut at mora er ein influencer?
- Korleis trur de Ella og Omar tek hemn?
- Korleis ville du reagert om du fann ut at foreldra dine var influencerar og la ut flaua bilete av deg på internett?



BERGEN
OFFENTLIGE
BIBLIOTEK

**bar-
nas
bok-
pris**
– bergensbarnas
favorittbok

Setningar frå første del av boka

Klipp ut ei setning til kvar elev. Du treng ikkje bruke alle setningane.

“Operasjon grisehyl var utført”

“Me var trass alt tolv år gamle.”

“Det der tenker eg kom som snikkar Andersen på julekjerringa!”

“Eg skunda meg å tenne på mi eiga lunta, så dei skulle gå av samtidig.”

“Luna sat i sofaen og spelte Nintendo.”

“Heime hos oss markerte nemleg ikkje fyrverkeriet berre starten på det nye året.”

“Mamma og pappa sat framleis inne i stova saman med Kamal.”

“Men eg er jammen ikkje heil sikker på om det er kongen som les dei opp, heller.”

“Tradisjonen tru hadde Nabo-Lars fest med venene sine, som hadde pynta seg i dei finaste kleda dei hadde.”

“Så trilla med terningar og stal frå kvarandre til tida gjekk ut.”

«Så lenge eg kunne hugsa, hadde me feira nyttår saman med Omar og dei.”

“Eller, om nokre få minutt var me faktisk tretten.”

“Det høyrest gjerne litt rart ut, at to naboar som har kjent kvarandre heile livet, har bursdag akkurat den same dagen.”

“Dessutan er det det indre som tel, sa mamma.”

“Som hemmelege agentar på sabotasjeaksjon.”

“Så snart flammen trefte lunta, begynte det å knitra.”

“Og tradisjonen tru hadde også Omar og eg tatt ansvar for å få opp stemninga når det nærma seg midnatt.”

“Med slengde fyrverkeriet over snøkanten og ned på terrassen til Lars og gjestene hans, før me dukka ned bak snøfonna igjen.”

“Berre ein heil drøss med vaksne menn som blei litt rare i ansiktet etter kvart som timane gjekk.”

“For kvart år som har gått, har eg tenkt at han liknar meir og meir på eit romvesen i menneskekostyme, og at det truleg berre er ein slags geléaktig masse under den skrukkete huda.”

“Eg sparka av meg snøen på skoa og gjekk inn til dei andre, og let døra stå open til Omar, som kom bak.”

“Nokre spørsmål er det faktisk best å ikkje få svar på.”

“Så sneik med oss heimover før nokon såg oss.”

“Då alarmen gjekk, opna me pakkane med sat igjen med til slutt.”

“Pappa hadde rista på hovudet, men ingen hadde sagt noko.”

“Berre tretti minutt igjen til det skulle smella skikkeleg.”



BERGEN
OFFENTLIGE
BIBLIOTEK

**bar-
nas
bok-
pris**
– bergensbarnas
favorittbok

“Frå gøymeplassen vår kunne me høyra korleis grisehyla spann rundt beina på dei dresskledde mennene der borte, medan gubbane og grisehyla skreik om kapp.

“Krutet mellom hendene, flammene og smella, veggen av snø som med hadde gøymt oss bak.”

“”Er du klar?” Eg kviskra og heldt fram ei fyrstikk”

“No gjaldt det å komma seg tilbake til vår eigen hage før nokon oppdaga at me hadde vore vekke.”

“Eg berre elska nyttårsaftan.”

“Kvar gong nokon nemnde det, sa mamma at det var heilt typisk, gutane skal liksom alltid komma først.”

“Eg løfta handa og fekk eit klask i neven av Omar.”

“No stod me klare til å kasta.”

“Grisehyla me heldt i hendene, hadde me plukka ut av den svære familiepakken med fyrverkeri som foreldra til Omar hadde kjøpt.”



BERGEN
OFFENTLIGE
BIBLIOTEK

**bar-
nas
bok-
pris**
– bergensbarnas
favorittbok